



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 28.01.2016  
**Møtestad:** Møterom Børilden  
**Møtetid:** 09:00 - 1430

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jorund Stellberg	H	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Dessutan deltok:

Jan Olav Osen, Torleiv Frotjold, Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Dato 04.02.16

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/16	Godkjenning av møteprotokoll
003/16	Meldingar
004/16	Delegerte saker
005/16	Orienteringssak
006/16	Sak 14/1388 Byggesak gbnr 155/34 - Hopland - naust og kai - klage
007/16	Sak 15/231 Byggesak gbnr 163/3 Hjeltholmen - naust og gangveg - klage
008/16	Sak 15/435 Byggesak gbnr 158/10 Lerøy - flytebrygge - klage
009/16	Sak 15/475 - gbnr 132/58 Utkilen - Forlenging av kai - Dispensasjon
010/16	Tilsynsstrategi Austrheim kommune 2016
011/16	Godkjenning av Detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde. Planid. 2010009
012/16	Omsorgsbustadar på Kaland- Igangsetting av planendring i området
013/16	Søknad om bygging av veg og sti til Leirvika på gbnr. 147/ 2 og 3 i Kvalvågen i Austrheim kommune- Dispensasjon
014/16	Busetting av einslege mindreårige flyktningar
015/16	Betalingssatsar for barnehageplass med verknad f.o.m. 01.04.2016
016/16	Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim
017/16	Austrheim kommune - Eigarskapsmelding del 1,2 og 3

## **001/16: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 001/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **002/16: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 002/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **003/16: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Jorund Stellberg ba om at det vert lagt fram sak til neste møte vedrørande overtaking av gnr. 142 bnr. 101 i Austrheim.

Fellesframlegg:

I neste møte vert det lagt fram sak vedrørande overtaking av gnr. 142 bnr. 101.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 003/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

I neste møte vert det lagt fram sak for handsaming vedrørande overtaking av gnr. 142 bnr. 101 i Austrheim.

---

**004/16: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 004/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**005/16: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**28.01.2016 FORMANNSKAPET**

1. Ordføraraen orienterte om møte i Norhordlandstinget den 28.01.16 på Seim.
2. Ordføraren orienterte om møte med fylkestannlegen vedrørande Tannhelse - klinikkstruktur 2015 - 2030.
3. Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om framdrift i arbeidet på Kaland skule.

4. Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om anbudsarbeidet på Kaland barnehage.

**FS - 005/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**006/16: Sak 14/1388 Byggesak gbnr 155/34 - Hopland - naust og kai - klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek klagen delvis til følgje slik at det ikkje vert gjeve løyve til naust. Løyve til gangveg/kai vert oppretthalde.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

**28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 006/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek klagen delvis til følgje slik at det ikkje vert gjeve løyve til naust. Løyve til gangveg/kai vert oppretthalde.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

---

**007/16: Sak 15/231 Byggesak gbnr 163/3 Hjeltholmen - naust og gangveg - klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek klagen delvis til følgje. Det vert sett følgjande vilkår:

- Naustet skal utformast som på reviderte teikningar.
- Gangvegen skal ikkje ha kaifront og ei maksimal bredde på 1.5 meter. Gangvegen skal

utførast i tre.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

#### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 007/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek klagen delvis til følge. Det vert sett følgjande vilkår:

- Naustet skal utformast som på reviderte teikningar.
- Gangvegen skal ikkje ha kaifront og ei maksimal breidde på 1.5 meter. Gangvegen skal utførast i tre.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

---

#### **008/16: Sak 15/435 Byggesak gbnr 158/10 Lerøy - flytebrygge - klage**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

#### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Austrheim formannskap: Per Lerøy, Siri Kaland, Jan Erik Espelid, Jorund Stellberg og Anne Dahle Austrheim.

Administrasjonen: Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Part: Jan Otto Saggau

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 008/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

---

**009/16: Sak 15/475 - gbnr 132/58 Utkilen - Forlenging av kai - Dispensasjon**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim gjer dispensasjon som omsøkt til forlenging av kai.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

**28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 009/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim gjer dispensasjon som omsøkt til forlenging av kai.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

---

**010/16: Tilsynsstrategi Austrheim kommune 2016**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jamfør byggesaksforskrifta § 15-1.

#### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 010/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jamfør byggesaksforskrifta § 15-1.

---

#### **011/16: Godkjenning av Detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde. Planid. 2010009**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune vedtek i medhald av Plan og bygningslova §12-12 at detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde gnr. 128 med planid. 2010009 no kan godkjennast. Plankartet er datert 12.08.2014 og føresegner er datert 11.01.2016. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreinga.

#### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Austrheim formannskap: Per Lerøy, Siri Kaland, Jan Erik Espelid, Jorund Stellberg og Anne Dahle Austrheim.

Administrasjonen: Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Part: Jan Nordbø, Hillbjørg Kversøy, Bjarne Neteland, Bent Risøy, Astrid Konglevoll, Edny Leirvåg Johannes Dyrøy, Atle Utkilen, Odd Totland, Hugo Leirvåg, Inge Leirvåg og Steinar Leirvåg

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - 011/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune vedtek i medhald av Plan og bygningslova §12-12 at detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde gnr. 128 med planid. 2010009 no kan godkjennast. Plankartet er datert 12.08.2014 og føresegner er datert 11.01.2016. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreinga.



---

## **012/16: Omsorgsbustadar på Kaland- Igangsetting av planendring i området**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune opphever tidlegare kommunestyrevedtak gjort den 20.05.2015 (saksnr. 148/15) om kjøp av område til omsorgsbustadar på Kaland på eigedom gbnr.130/13. Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å få på plass ein avtale om økonomisk kompensasjon til eigar av gbnr. 130/13 i samband med mogeleg kommunalt kjøp av areal her til omsorgsbustadar.

Austrheim kommune vedtek i samsvar med reglane i PBL § 12-8 igangsetting av planendring for **Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 1973005**. Planområdet er vist i saksutgreiinga. Formålet med planendringa er å leggja til rette for ei god utvikling av området til omsorgsbustadar og friluftsområde.

Planarbeidet kjøper Austrheim kommune av kvalifiserte planleggingsfirma etter gjeldane reglar for kjøp av slike tenester. Kostnadar totalt med ei ramme på inntil kr. 500.000 vert finansiert frå investeringsbudsjett omsorgsbustadar Kaland/Fonnes.

### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Austrheim formannskap: Per Lerøy, Siri Kaland, Jan Erik Espelid, Jorund Stellberg og Anne Dahle Austrheim.

Administrasjonen: Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Framlegg frå Jorund Stellberg:

Austrheim kommune opphever tidlegare kommunestyrevedtak gjort den 20.05.2015 (saksnr. 148/15) om kjøp av område til omsorgsbustadar på Kaland på eigedom gbnr.130/13. Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å forhandle fram ein avtale om økonomisk kompensasjon til eigar av gbnr. 130/13 i samband med mogeleg kommunalt kjøp av areal her til omsorgsbustadar. Avtalen leggjast fram for formannskapet.

Rådmannen sitt framlegg med Jorund Stellberg framlegg til nytt 1. avsnitt vart samrøystes vedteke.

### **FS - 012/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune opphever tidlegare kommunestyrevedtak gjort den 20.05.2015 (saksnr. 148/15) om kjøp av område til omsorgsbustadar på Kaland på eigedom gbnr.130/13. Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å forhandle fram ein avtale om økonomisk kompensasjon til eigar av gbnr. 130/13 i samband med mogeleg kommunalt kjøp av areal her til omsorgsbustadar. Avtalen leggjast fram for formannskapet.

Austrheim kommune vedtek i samsvar med reglane i PBL § 12-8 igangsetting av planendring for **Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 1973005**. Planområdet er vist i saksutgreiinga. Formålet med planendringa er å leggja til rette for ei god

utvikling av området til omsorgsbustadar og friluftsområde.

Planarbeidet kjøper Austrheim kommune av kvalifiserte planleggingsfirma etter gjeldane reglar for kjøp av slike tenester. Kostnadar totalt med ei ramme på inntil kr. 500.000 vert finansiert frå investeringsbudsjett omsorgsbustadar Kaland/Fonnes.

---

### **013/16: Søknad om bygging av veg og sti til Leirvika på gbnr. 147/ 2 og 3 i Kvalvågen i Austrheim kommune- Dispensasjon**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Klikk her for å skrive inn tekst.

Austrheim kommune gjev dispensasjon til omsøkt veg med snuplass og sti til Leirvika på følgjande vilkår:

- 1.Gangstien skal vera smalare enn 2 meter.
- 2.Tilkomstveg og gangsti skal vera opne for ålmenn gangtrafikk.
- 3.Austrheim kommune har rett til å nytte omsøk tiltak som tilkomstveg til kommunale tekniske anlegg i strandområdet.

Grunngjevinga er at omsøkt tiltak vil gje betydelig lettare tilkomst til båtplassen i Leirvika og for vedlikehald av kommunale vassleidningar og vasskummer i området. Grunngjeving er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

#### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Austrheim formannskap: Per Lerøy, Siri Kaland, Jan Erik Espelid, Jorund Stellberg og Anne Dahle Austrheim.

Administrasjonen: Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Part: Astrid Kahrs Fonnes og Hogne Kahrs

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 013/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon til omsøkt veg med snuplass og sti til Leirvika på følgjande vilkår:

1. Gangstien skal vera smalare enn 2 meter.
2. Tilkomsveg og gangsti skal vera opne for ålmenn gangtrafikk.
3. Austrheim kommune har rett til å nytte omsøkt tiltak som tilkomstveg til kommunale tekniske anlegg i strandområdet.

Grunngjevinga er at omsøkt tiltak vil gje betydeleg lettare tilkomst til båtpassen i Leirvika og for vedlikehald av kommunale vassleidningar og vasskummer i området. Grunngjeving er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

---

## **014/16: Busetting av einslege mindreårige flyktningar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar
- Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
- Skaffe eigna husvære, enten bygge sjølv, leige eller kjøpe dette. Skal liggja i nærleiken av eit av skulesentra i kommunen, fortrinsvis i kommunesentrum.
- Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene

### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Jorund Stellberg til nytt 3. kulepunkt:

Eigna husvære kan etablerast enten gjennom å byggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulike alternativa skal leggjast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.

### **FS - 014/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar

- Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
- Eigna husvære kan etableras enten gjennom å byggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulike alternativa skal leggast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.
- Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene

## 015/16: Betalingssettar for barnehageplass med verknad f.o.m. 01.04.2016

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande settar for foreldrebetaling i barnehagane. Vedtaket vert gjort med verknad frå og med 01.04.2016:

Juli er betalingsfri månad.

Melding frå Udir 11.12.2015: Maksprisen for barnehageplass for 2016 er fastsatt til kr. 2 655 pr. månad. Dette gir eit påslag på 2,82% i høve makspris for 2015. Satsane, justerte relativt, vert då:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2015	Påslag - 2,82%	Ny sats gjeld frå 01.04.2016
45 t/v	5	kr. 2 580	kr. 75	kr. 2 655
36 t/v	4	kr. 2 064	kr. 58	kr. 2 122
27 t/v	3	kr. 1 548	kr. 44	kr. 1 592
18 t/v	2	kr. 1 032	kr. 29	kr. 1 061

**Betalingssettar pr. dag for kjøp av ekstra dag:** kr. 263 – inklusive matpengar

**Søskkenmoderasjon:** 30% søskkenmoderasjon for 2. barn, og 50% søskkenmoderasjon for 3. barn og oppover.

**For sein henting:** Kr 157 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesattane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Rådmannen foreslår ein auke på 3% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

## 28.01.2016 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### FS - 015/16 - 28.01.2016 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande settar for foreldrebetaling i barnehagane. Vedtaket vert gjort med verknad frå og med 01.04.2016:

Juli er betalingsfri månad.

Melding frå Udir 11.12.2015: Maksprisen for barnehageplass for 2016 er fastsatt til kr. 2 655 pr. månad. Dette gir eit påslag på 2,82% i høve makspris for 2015.

Satsane, justerte relativt, vert då:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2015	Påslag - 2,82%	Ny sats gjeld frå 01.04.2016
45 t/v	5	kr. 2 580	kr. 75	kr. 2 655
36 t/v	4	kr. 2 064	kr. 58	kr. 2 122
27 t/v	3	kr. 1 548	kr. 44	kr. 1 592
18 t/v	2	kr. 1 032	kr. 29	kr. 1 061

**Betalingssats pr. dag for kjøp av ekstra dag:** kr. 263 – inklusive matpengar

**Søskenmoderasjon:** 30% søskenmoderasjon for 2. barn, og 50% søskenmoderasjon for 3. barn og oppover.

**For sein henting:** Kr 157 pr. påbegynt time.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Rådmannen foreslår ein auke på 3% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

---

## **016/16: Endring av vedtektene for barnehagane i Austrheim**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Ny ordlyd i §7 i Vedtekter for barnehagane i Austrheim kommune:**

Austrheim kommune innfører eitt samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. Mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – Barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket. Dette gjeld berre born som har lovfesta rett til barnehageplass.

Born av foreldre som etter Introduksjonslova § 2 – først ledd må ta til på introduksjonsprogram, og der barnet har fylt eitt år, skal ha rett til barnehageplass.

### **Kriterium for opptak:**

Prioritet etter LOB § 13.

Prioritet etter vedtak i Lov om barnevernteneste §§ 4-12

Born av foreldre som etter Introduksjonsloven §§ 2 og 3 må ta introduksjonsprogrammet

Born busette i Austrheim kommune

Born busette i Åsheim krins

Søsken

## **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 016/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

#### **Ny ordlyd i §7 i Vedtekter for barnehagane i Austrheim kommune:**

Austrheim kommune innfører eitt samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. Mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – Barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søknadsskjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket. Dette gjeld berre born som har lovfesta rett til barnehageplass.

Born av foreldre som etter Introduksjonslova § 2 – først ledd må ta til på introduksjonsprogram, og der barnet har fylt eitt år, skal ha rett til barnehageplass.

#### **Kriterium for opptak:**

Prioritet etter LOB § 13.

Prioritet etter vedtak i Lov om barnevernteneste §§ 4-12

Born av foreldre som etter Introduksjonsloven §§ 2 og 3 må ta introduksjonsprogrammet

Born busette i Austrheim kommune

Born busette i Åsheim krins

Søsken

---

## **017/16: Austrheim kommune - Eigarskapsmelding del 1,2 og 3**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre.

### **28.01.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Jorund Stellberg vart vedlagt møteboka og rådmannen jobber vidare med å eventuelt legge dette inn i meldinga.

Fellesframlegg:

Eigarskapsmeldinga vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

### **FS - 017/16 - 28.01.2016 - Vedtak:**

Eigarskapsmeldinga vert teke til vitande.

---